

Referat

frå årsmøtet i Kontaktutvalet på Osterøy 6.mars 1974 kl. 19.00

Årsmøtet i Kontaktutvalet vart halde på Hatla nå i ungdomsskulen
6/3. 1974 kl. 19.00

Desse møtte: Erling Hole, Audun Hollevang frå Hjøedalen I.l.
Syvind Rød, Ole Johan Hatland " Osterøy I.l.
Agnar Hjellevik, Olav Hjellevik " Hjellevikv. I.l.
Einar Hjellevik, Sigbj. Eknes " Fotlandev. I.l.
Steffen Fotland, Rasmus Mjelde " Hausvik Fotballkl.

Innbedne gjester: Lillian Bikner og Pskåtun frå Nordal, Idrettskr.
Sjur Lohnes frå Ungdoms- og Idrottsutvalet i Osterøy.

På grunn av at formannen hadde vore bortreist og ikkje hadde hatt med førebuinga av møtet å gjere, vart Agnar Hjellevik, som hadde kalla inn, vald til å styra møtet.

Innleiingsvis på møtet vart det opplyst at idrottslaget på Ulvsnesøy "Øyaprett" hadde sagt seg interessert i å bli med i Kontaktutvalet og ville møte ved seinare høve.

På spørsmål om kva som i grunnen skulle vera Kontaktutvalet si oppgåve, svara m.a. hr. Skåtun og han lova å senda alle idrottsleiga brosjyre om dette.

Sak 1 V e l.

Erling Hole vert vald til formann med 7 røyster. 2 røysta for Rasmus Mjelde.

Rasmus Mjelde Vart vald til nestformann (akkl.)

Agnar Hjellevik " " skriver "

Sak 2 Administrasjonsutgiftene åt Kontaktutvalet.

Det har tidlegare ikkje vore nokon fa st skipnad med slike utloger. Både skyssutgifter og andre adm. utgifter bør kunne dekkast over kommunebudsjettet og gje rest framlegg om i samb. med neste budsjet.

Sær. vedtak.

Sak 3 Idrottsplassen på Hatland.

Etter oppdrag frå K.u. gav Einar Hjellevik ei utgreiing om framgangen i denne saks heilt frå starten av og til i dag. m.a. vart refer. alle vedtak i formannsk. og heradestyre fram gjennom åra og alle løyvingar som var gjort.

Etter Hjellevik si orientering vart det eit lengre ordskifte om kva Kontaktutvalet eventuelt kunne og burde gjere for om mogeleg å påverka kommunen til no å setja i gang arbeid på plassen

og å få denne opparbeidd så langt at han kan vera tenleg både som fotball- og friidrottsbane.

Til slutt vart det full samje om å kalla inn til eit orienterande møte der desse bør vera med:

formannskapet
byggjenemnda
Ungdoms- og idrettsutvalet
foreldrerådet ved ungdomsskulen
lærarrådet " " "
idrettskretsen
fylkesidrettsnemnda
formennene i idrottslaga
kontaktutvalet.

Sjølve møteopplegget vart også diskutert. Styret får i oppdrag å skipa til møtet.

Sak 4 . Sømanslåing av idrottslaga på Osterøy .

Denne saka vart utsett .

Møtet slutt

ref. Agnar Hjellvik